

## Mennesket frå uskuld til kunnskap- frå natur til kultur

Me kjenner alle historia om Adam og Eva som let seg lokka til å eta av den frukta dei hadde fått forbod mot. Har Gud verkeleg sagt, spurde den smarte slangen. Tvilen fører mennesket inn i valets situasjon. Dei veit at to vegar ligg framfor dei, og ein må dei velja. Dermed vert dei jaga ut av idyllen og uskulda i hagen og sette til å dyrka jorda. Teologane kallar dette syndefallsforteljinga, eller forteljinga om korleis mennesket pådrog seg noko som vert kalla arvesynd. For folk flest trur eg dette seier relativt lite, og det minner meg på historien om jagarpiloten som fekk trøbbel med flyet og måtte skyta seg ut. Han havna tilfeldigvis i toppen på eit stort grantre, og hang og dingla etter fallskjermstroppene. Etter ei stund kom det ein kar forbi, og piloten ropte og hoja. Mannen såg opp, og flygaren spurde: Kor er eg? Du heng i toppen på eit tre, svara mannen. Du må vera prest, sa piloten. Kvifor det, spurde mannen. Jo, det du seier, er nok i og for seg rett, men berre så sørgjeleg irrelevant.

Det freistinga eigentleg dreidde seg om, var løftet om å bli herrar i eigne liv, få same kunnskap som guddommen til å kunna skilja mellom vondt og godt, rett og gale. Mennesket rana med andre ord til seg det som var forbeholdt Gud, og jammen virka trolldommen. Dei oppdaga plutseleg seg sjølv som kjønnsvesen, og som mennesket har prøvd i all ettertid, så freista dei å rømme frå konsekvensane. Når ikkje det hjelpte, skulda dei på andre. Unnskyldningane har stått i kø sidan.

Samlaridyllen i hagen tok slutt, mennesket måtte kultivera jorda med slit og sveitte for å overleva, og smerten, herre-slave-forholdet og døden blei mennesket sin skugge. Sjølv om me klarte å bli herrar i eigne liv, bli moralske individ, så ligg forbanninga der, og døden ser det ikkje ut til at me skal få bukt med. Me fekk evnen til å kunna vurdera kva som er godt og vondt, men blei og dømt til å ta ansvar for resultatet av vurderingane. Det nyttar ikkje lenger å seia "eg visste ikkje, eg trudde ikkje, eg ville eigentleg ikkje, eg meinte det godt, Eva lokka meg- eg har sjølv ansvaret, du har sjølv ansvaret for å velja det gode, det rette. Kain forsøkte å komma unna drapet på broren, men som moralsk menneske var han dømt til å vera sin brors vaktar. Kunnskapens frukt er å vera dømt til moral- til å måtta vurdera sjølv kva som er rett og gale og velja

handling deretter. Det er vår lagnad som menneske. At me likevel kan oppføra oss umoralsk, heng saman med det forhold at det vonde eksisterer i denne verda både som realitet og mulighet. At nokon i tillegg er amoralske, dvs hevar seg over det å skulle vurdera rett, gale, er det same som å seia at dei fornektar det å vera menneske. Sokrates sa at dersom ein har kunnskap om kva som er rett, gjer ein det rette. Edelt er mennesket, hjelpsomt og godt, sa romantikaren eller optimisten Goethe. Det gode eg vil, gjer eg ikkje. Det vonde eg ikkje vil, det gjer eg, sa realisten eller pessimisten Paulus. I denne spenninga lever me menneske.

På den eine sida skal me leva opp til idealet om å setja nesten vår først, og på den andre sida lurar egoismen, sjølvhevdinga, likesæla og tendensen til å "tåle så inderlig vel, den urett som ikke rammer oss selv". Å velja det gode krev for det første kunnskap om kva som i dei ulike situasjonar er det rette eller det gode, men og evnen til å gjennomskua oss sjølv og våre motiv, og til å ta vår neste sine sko på og saman med han gå den andre mila.

bita